

MÅNADSBREV OKTOBER 2014 BLOMANE

Hausten er her, og den har vore flott så langt! Me er veldig taknemlege for alt godvêret me har hatt i september - det er godt for barna å få springa ute i lette klede.

Haustens grøde har vore eit kjekt tema å arbeida med, og barna har lært mykje om matprodusjonen. Me fortset med temaet til haustferien. Tysdag har me hausttakkefest der heile barnehagen er samla.

Tema i oktober er «Jesus sitt liv». På vår avd har me fokus på **Jesus blant folket**. Målet er at «*Barna skal få meir kjennskap til Jesus sitt liv og virke. Dei skal få høyra at det skjer mykje «mellom jul og påske» som vil gje dei eit heilare bilete av personen Jesus*».



Temaet vert avslutta med ei utstilling som de foreldre er velkomne til ☺

Onsdag 29. og/eller torsdag 30. okt. mellom kl 14.30 og 16.00. Servering av kaffi/te og frukt.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen vår, og me ynskjer å gje god tid til leik både ute og inne.....» (Meir om dette i årsplanen).



Frileiken er viktig for oss når me planlegg dagen. Sjølv om det ofte står samling og anna på planen, gjev me barna gode mogelegheiter for frileik. Me har mange rom barna kan fordela seg i, og leiken i smågrupper er verdifull og ein god arena for læring. Me vaksne er tilstade, men er bevisste på at det er barna som skal styra leiken.

«Være sammen» – I september har me repetert Løveloven og Vennesangen. Nå i oktober skal me lesa boka «Regnbueløvens fantastiske brøl». De finn meir inf om «Være sammen» på heimesida til barnehagen; <http://tryggheim.sky1.no/>



- ✚ **Minnar om foreldremøte tysdag 21. oktober kl. 19.30.** Meir inf kjem.
- ✚ **Stjerner, Sommarfuglar og Blomar skal synga på barneveke på Nærbø bedehus torsdag 16.oktober kl 17.00. Velkomne heile familien!**
- ✚ Me er snart i gang med observasjonar til foreldresamtalar. Tider kjem opp på liste i garderoben etter haustferien. Samtalane på blomane vert i veke 44 og 45.
- ✚ Fint om alle kan ha litt varme klede i skapet. Ein ekstra fleece/ull, pannebånd/hue/buff og vottar. **Hugs å merka** alle uteklede og sko/støvler.

Helsing Margareth, Eli, Bergliot, Kari og Berit